



Møte i Sykkylven sokneråd 22. mai 2018

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30

Til stades: Simen Elias Nordbrønn Myklebust, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Liv Hole, Janne Svindseth, Per Bjørnar Tynes og Knut Henning Aursnes.

I tillegg møtte: Arild Sporsheim.

Monica Breivik Orre hadde meldt fråfall.
Björg Djupvik Grebstad har permisjon ut juni.

Janne Svindset hadde dekket til med god kveldsmat. May Lisbeth Hovlid Aurdal opna møtet med å snakke om å møte medmenneske gjennom arbeidet i soknerådet og knyta dette opp mot å ha eit ope bord. Deretter gjekk soknerådet over til å handsame følgjande saker:

Sak 23/18 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 24/18 Godkjenning referat frå møte i Sykkylven sokneråd 25.04.2018
Vedtak: Referatet vert godkjent slik det ligg føre.

Sak 25/18 Eittåring frå bibelskulen i Grimstad
Det vart tatt initiativ frå staben om å lyse ut ledig stilling som eittåring i Sykkylven kyrkje. Stillinga vart lyst ut ved plakat i Bibelskulen i Grimstad. Det har allereie vore ein som har søkt på stillinga, og han har vore på besøk og intervju. Katrine Numme har tatt på seg ansvaret med å vere mentor for eittåringen. Stillinga er utan lønn, men det følgjer med plikter for kyrkjelyden til oppfølging og losji, noko Arild Sporsheim tar ansvaret for å koordinere.
Vedtak: Sykkylven sokneråd støttar initiativet om å engasjere ein eittåring frå Bibelskulen i Grimstad i perioden august/september 2018 til medio mai 2019. Dette er underlagt kyrkjeverjen som øvste leiar. Finansieringa av dette skjer via det felles trusopplæringsfondet til Ikorntnes sokneråd og Sykkylven sokneråd. Budsjettposten er avgrensa til kr 100.000,-. Dette skal primært nyttast til kost, losji og reisestøtte i samband med studieveker og heimreise.

Sak 26/18 Misjon NMS - skjerm og sosiale medier
Sak 06/18 Misjon er utsett fleire gongar på grunn av knapp tid. Denne saka handlar om deler av Sak 06/18 og noko av det misjonsutvalet har bedt om: Tilbod og premiering gjennom misjonsavtalen med NMS. Dette inneber at ved ein utvida avtale mellom NMS og kyrkjelyden kan ein få vervepremiar frå NMS ved verving av faste gjevarar til NMS sitt arbeid i Thailand.

Vedtak: Soknerådet ønskjer å teste ut NMS sitt tilbod om auka profilering av misjonsprosjektet og vervekampanjen og inngår utvida misjonsavtale med NMS. Viser til vedlagt avtale.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven sokneråd

Sak 27/18 Plan for hausten 2018

Soknerådet vedtok følgjande møtedatoar for hausten 2018:
04.09.2018, 16.10.2018 og 27.11.2018.

Andre datoar:

16.09.2018: Gudsteneste med misjonsfokus, NMS misjonsavtale, middag og misjonsløp etter gudstenesta.
28.-29.09.2018: Kyrkjemesse.
28.10.2018: Seniordag (tidlegare eldresdag) med middag. Simen har gudsteneste. Arild kontaktar Sykkylven kommune.

Sak 28/18 Forlenging av glasmåleria

Kyrkjerommet i Sykkylven kyrkje har fire vindaugsspalter i taket som strekker seg opp mot himmelen og toppen av kyrkjetaket. Feltet i front og dei to sidefeltene er utsmykka av glaskunstnaren Veslemøy Nystedt Stoltenberg. Kyrkjevevjen har dei siste åra, ved fleire høve, invitert Veslemøy til eit besøk i Sykkylven kyrkje. Han lykkast med dette i 2016 og som eit resultat av møtet fekk kyrkja medio desember 2016 eit forprosjekt frå henne med skisser av forlenging av glasmåleria i dei fire vindaugsspaltene, også den bak orgelet.

Vedtak: Soknerådet er svært nøgd med at vi no har moglegheitene til ei fullføring av utsmykking av alle fire lysspaltene i kyrkjerommet, og at dette kjem frå same biletkunstnaren. Det vil i utgangspunktet vere eit langsiktig perspektiv før ferdigstilling, men i prioriteringane av dei fire lysspaltene er soknerådet samd med utsmykkingsnemnda om at den fremre lysspalta får høgast prioritet.

Sak 29/18 Diakoniplan

Soknerådet hadde ein førebels gjennomgang av diakoniplanen før fellesmøte med Ikornnes sokneråd, der diakoniplanen skal endeleg handsamast. Innspel til diakoniplanen sendes til Torbjørn frå kvart soknerådsmedlem.

Eventuelt: Det var ingen andre saker til handsaming.

Årshjul 2018:

Møteplan Sykkylven sokneråd 2018:
11.06.2018: Naustfest på Aursneset

Referent: Knut Henning Aursnes

UTVIDA SAMARBEID MED NMS

Sykkylven kyrkjelyd ynskjer å gjer seg nytte seg av NMS sitt tilbod om auka profilering av misjonsprosjektet

i perioden haust 2018 - haust 2019 (For eksempel haust 2018- haust 2019)

Kyrkjelyden ynskjer at NMS produserar for (kryss av flere)

- ☐ Kyrkjelydsblad
- ☒ Facebook
- ☒ Heimeside
- ☐ Instagram
- ☒ Lokal avis
- ☒ Skjerm i kyrkja
- ☐ Anna: _____

Stad/dato: Sykkylven, 22-05-2018

For Sykkylven kyrkjelyd: Gaiaen Stepa, Arild Gørstein

For NMS

*10 nye glvarar som gir kr 300,- pr mnd i minimum 1 år

Vi besøker gjerne kyrkjelyden på stabsmøte, soknerådsmøte eller anna.

Med venleg helsing

May Lisbeth Hovlid Aurdal

Rekrutteringsansvarlig menighet | NMS

+47 45224738 | www.nms.no

